

## Utdanningsmelding 2016.

### Portefølje og dimensjonering

Som signalisert i førre utdanningsmelding har instituttet i 2016 gjennomført eit utgreiingsarbeid med tanke på revisjon av begge masterprogramma. Instituttet planlegg å setja i gang arbeidet med å laga nye emneomtar og nye programomtar og å fremja dette som studieplanending hausten 2017, med effektivering hausten 2018. Dels for å mogeleggjera masterrevisjonen, og dels fordi aorg 211 framleis rekrutterer for dårleg vil instituttet leggja ned dette emnet. Sosiologisk institutt har oppretta eit tilbod om at sosiologi kan vera fag 2 i lektorutdanninga på HF. Instituttet har i den samanheng inngått ein avtale med Sosiologisk institutt om å tilby kurs i samfunnskunnskapsdidaktikk for desse studentane frå hausten 2017. Som signalisert i førre utdanningsmelding er bachelorprogrammet i politisk økonomi igangsett med god søknad, nye aorg 100a/b er iverksett og aorg 108/109 om klimapolitikk er sett ut i livet, også det med god søknad. Framtida for MPA var uviss ei tid pga utfasinga av kvoteprogrammet. Programmet får no nokre studentar via *Students at risk*, som kompenserer noko, og via NORPART programmet er det etablert eit samarbeid med North-South universitetet i Dhaka. Det inneber at 10-12 studentar derifrå tar fyrste semesteret på MPA i Bergen frå hausten 2017, og det gir høve til å senda 2 norske studentar til Bangladesh til kurs med feltkomponent. Vi vonar det vil trekkja noko fleire norske studentar til programmet. Samla sett meiner instituttet at det er grunnlag for å vidareføra MPA, også fordi den utanlandske søknadsmengda tiltar.

### Utdanningskvalitet

Instituttet har utvikla eit mentorprosjekt som vart sett i verk hausten 2016. I dette engasjerte ein masterstudentar til å vera mentorar for fyrstesemesterstudentane på bachelorprogrammet og på MPA (den internasjonale masteren). Ordninga er evaluert og vil bli noko omarbeidd fram mot hausten 2017. Instituttet har også arbeidd med ei rad andre studiekvalitetstiltak: klargjort arbeidskrav og gått gjennom vurderingsordningar for å sikra meir variasjon, særleg i fyrste del av bachelorprogrammet. Tilknytta det nye introduksjonskurset, aorg100a er det hausten 2016 prøvd ut fleire fagleg-sosiale tiltak, mellom ein heildags introduksjonsworkshop. Erfaringane med dette er gjennomgått og instituttet planlegg å vidareutvikla dette hausten 2017. Som framgår av rapporten «Studienær oppfølging» har instituttet særleg problem med fråfall mellom masterstudentane. Det er derfor naudsynt å laga eit prosjekt også for dei fyrste semester, langs nokre av dei same liner som i fyrste del av bachelorprogrammet. Eit innleiande 2 dagars seminar vil bli vurdert her.

Instituttet er i gang med digitaliseringsprosjekt innan EVU-tiltaka (sjå nedanfor). Desse vil ha overføringsverdi til dei ordinære studietilboda etter kvart. Studiebarometerresultata helst resultat på det jamne, men instituttet skårar lavt på opplevd studentmedverknad, noko vi vil ta opp med studentane i 2017. Instituttet har også betringspotensiale når det gjeld kontakt med internasjonale studentar, eit viktig tiltak i den samanhengen er å ha fleire fellestiltak for det norske og det internasjonale masterprogrammet.

## **Gjennomstrøyming**

Gjennomføringsprosenten på 51 er for låg, særleg på master og særleg når studenttalet i utgangspunktet kunne vore høgare. Eit sentralt tiltak vi vonar vil betra dette er endringane i fyrstesemesteret, med samling i eitt stort introduksjonsprogram med tilknyttta mentor og fagleg-sosiale tiltak (sjå over). Vi vurderer også å innføra obligatorisk deltaking på seminargrupper på aorg100a for å hindra at nokon fell utanfor, ettersom obligatorisk deltaking på seminar iflg rapporten om studentnær oppfølging ser ut til å ha gitt gode resultat på andre fag. Tilsvarande introduksjonsseminar/workshop vil instituttet som nemnd også prøva å innføra på masterprogrammet. Framfor alt er det å vona at omlegginga av masterprogrammet vi bidra til betre gjennomstrøyming. Det har vore ei tilbakemelding i evalueringane at dei to kursa vi no har i fyrste semester på master er store og uoversiktlege og at 2 semesteret er krev for mykje av studentane si evne til å organisera studiet sitt sjølve. Endringane som det er gjort framlegg om vil gjera kursa noko mindre og vonleg meir oversiktlege og gi ein større kursdel i 2 semester. Framlegget inneber å styrka metodeundervisninga, noko studentane har etterspurt. Det nye masterprogrammet skal også tilby kurs som introduserer studentane til forskargruppene der dei skriv masteroppgåve –slike forskingsnære kurs kan motivera studentane.

Grunnproblemet for instituttet si rekruttering er likevel at der ikkje er fag i vidaregåande skule som naturleg peikar mot Adm.Org. Derfor vil samfunnsinteresserte avgangselevar frå vidaregåande skule berre i liten grad søkja seg til oss i fyrste omgang og ettersom dei vel fagleg orientering så tidleg er dette ein særleg vanske for oss mellom SV-faga. Rekruttering er derfor ei stor utfordring. Det kan tenkjast at instituttet i større grad burde profilert seg som statsvitenskapleg studium.

Vi har alt gjort eit stort arbeid med nettsidene våre, og har merka ein gledeleg oppgang i søknaden også til den internasjonale masteren. Når instituttet no vil kunna tilby eit semester i Dhaka som ein del av MPA-studiet for norske studentar vonar ein at noko fleire internasjonalt orienterte, norske studentar vil koma til MPA programmet.

## **EVU tiltak**

EVU tiltaka instituttet har hatt i samarbeid med LO stat vart evaluerte i 2016. Resultata vart svært gode for instituttet og dette er ein del av bakgrunnen for at LO Stat har forlenga samarbeidet for ein ny periode. Dette er svært viktig for instituttet. Både Teknologileiing og LO Stat-kursa har god søknad. Som ei investering og oppgradering av desse tilboda gjennomfører instituttet i 2017 utviklingsprosjekt om digitalisering på Teknologileiing og Forvaltningspolitikk. Grunnideen er at til kvar samling vil det bli laga introduksjonsressursar på nett. Noko tekst, men mest ulike audio-visuelle ressursar som korte presentasjonar av sentrale tema, av korleis ein bør jobba som student, reportasjar, intervju og casepresentasjonar. Prosjektet om Teknologileiing er eit samarbeid med Juridisk og Psykologisk fakultet. Begge prosjekta har ekstern finansiering.